

LIV I VINJE

Bygdebrev nr 11

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS 2016



Liv i Vinje 2016

I år som i fjor har styret bestemt seg for at bygdebrevet skal vera ei kavalkade av året som har gått med bilete som skildrar aktiviteten i Liv i Vinje. I tillegg vil du finne ei lita joleforteljing, samt informasjon om joletrefesten, vardebrenning og årsmøtet. Det er godt å sjå at det er mange i krinsen vår som er aktive og gjer at det er triveleg å bu her. Det er framleis plass til fleire i krinsen vår. Fortel andre om kvifor det er godt å bu her, så kanskje fleire får lyst til å koma hit.

Liv i Vinje er liv laga!!

Påfonndagen 2016

Påfonndagen har blive ein tradisjon Palmesundag med skirenn, hopprenn og trimmannskikonkuranse. Dette har blive ein oppfylgar av det som før var ViBø rennet. Mange stiller i fine kostymer. Gardsmatbui syter for sal av mat og drikke.



I denne hoppbakken blei det hoppa mange gode hopp.



Her er det klart for skirennet.

Aktive ungar og vaksne



Kostyme og trimmannski er eit skikkeleg

c -moment



Moro med dei vaksne på trimmannski. Smørklepptrioen vant denna gongen.

Påskeeftan.

Vinje løypelag arrangerer skirenn ved Beltrosleie. Mange som fant fram til løypa mellom Våmartveit og Kostveit.



17.mai

Dei tri seiste åra har 17. mai starta med felles frukost på Vinjar der alle tek med litt mat kvar. Etterpå vert det aktivitetar ute før me går samla i tog til kyrkje med mykje song.

Super 17.mai-frokost for fleir enn 75 personar. Langt og fint tog og morosame leikar. Nytt system med kryss-skjema for ungane gav veldig aktivitet og rekordstor godteripremiering.



Måndagsmiddag

Det er alltid godt oppmøte på måndagsmiddagane. Her møtast me frå ulike kantar av krinsen, både unge og gamle. Alltid god mat å få.

Vil få nytte høve til å takke alle måndagsgruppene for den flotte innsatsen kvar og ein av dykk gjer for at me andre skal koma til ferdig middag kvar måndag. **Tusen takk !!**



Slik ser det ut kvar måndag. Mange som møtast til god mat og mykje røre.

Jonsokmoro 2016

Jonsokmoro ved U en er moro for liten og for stor. Ikkje verst å kunne samle rundt 100 personar.

Alltid moro med treff ved U - en. Her samlast me til bålbreining, grilling og leiking. Mykje røur og moro.



Nye grillar blei laga av Sigurd Midtun, Stort bål som vanleg på Jonsokmoro ved Uen
då grillhengaren til Torleiv Løk song på seiste verset.



Nytt i år er at me har fått ei fantastisk barne og ungdomsteatergruppe som ein del av Liv i Vinje

Dei hadde sett opp forestillinga 25 år på trona. Eit svært morosamt stykke og ein fantastisk innsats av alle skodespelerane og instruktørar, samt andre medhjelpere som har sytt for mat på øvingane, kostymer, ljós med meir. Denne gruppa set opp nytt spel til joletefesten så det er bare å glede seg. Ukjent kva det er, men så dyktige som desse er har me noko å sjå fram til.



Dronninga, Aurora Verpe, Kongen Haakon Nordstoga og Statsminister Erna, Ingrid Nordstoga



Charles, Oscar Tennent , Camilla, Maren Haugen



Svein, Greta Lamsodiene, Ronald, Annveig Olsnes , Dronninga, Aurora Verpe

Joleforteljing av Olav Nordstoga

Denne forteljinga skreiv han i 2. klasse på skulen. Han hadde Bertines Inderlid som lærar og Olav har gjeve oss denne teksten uredigert. Imponerende handskrift av ein 2. klassing. Slik var det den gong.

Joliku-festem.

3. dag jol var det jolubrufest i skule-
stova. Me samtast klokka seks. Læra-
ren ønske alle velkomne, og så
skulle me oss opp i ring kring bruk
Me song mange songar. I ei kvild
kalla pusten om Jesusbarnet. Klokka

ätte fekk me mat. Me borni fekk
jolekake og kakao, og dei vaksne fekk
kaffe og jolekake. Arne Nordstoga og læ-
raren las kvar sitt stykke, og nokre av
borna song. Men det morosamaste kom
på slutten. Det var jolenissen. Han
hadde langt skogg, raud kappell og ein
stor sekk på ryggen. Då han hadde
gått rundt bruk og helsa på alle, opna
han sekken og delte ut pakkar til borni.
Me fekk yule og sjokolade.

È Merja skriv mu

eit lite bel kring bruk att. Til slutt
lekka læreren for samvært, me song
ein song og så tok me på heimvegen.

Joletrefest 3. dag jol kl 17.00

Teatergruppa har sett opp nytt stykke og har øva i heile haust og me gler oss til å sjå kva dei har fått til. Med den store suksessen dei hadde med 25 år på trona kan me bare glede oss. Dei er kjempeflinke !

Elles vert det som før med at alle tek med kaffi og noko å bite, samt nissen kjem og så vert det gang rundt joletreet.

Inngang: kr 50,- for vaksne , barn gratis.

Vel møtt!

Vardebrenning nyttårseftan 2016.

Me prøvar å få til Vardebrenning i Veggstfjellie i år som i fjor. Ber alle om å ta med litt tørr ved til varden/bålet. Oppmøte kl 16 ved Byrtevegskilje. Ta og med ski og hovudlykt. Oppfordrar til vardebrenning andre stadar i krinsen.

Styret i Liv i Vinje 2016

Ingvild L. Nordstoga, Torunn Tvedt, Øystein Romtveit, Aslaug Kostveit, Åsne Midtun, Knut Eknes og Signe Bråstøyl

Dersom de har spørsmål, idear til aktivitet med meir, ta kontakt med ein av oss.

Årsmøte 2017

Det vert årsmøte måndag 23. januar kl 17.30 rett etter måndagsmiddagen. Set av datoen no.

Saker:

1. Godkjenning av sakliste
2. Val av ordstyrar og skrivar
3. Eventuelt innkomne saker
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Val

Dersom du har lyst til å inn i styret eller veit om nokon, sei i frå i god tid før møtet.

Elles vil me takke alle som har bidrege med bilete og stoff til jolebrevet.

Styret ynskjer alle ei god jol og eit godt nytt år.

